


SLEKTSSTEMNE

ANDANES-SLEKTA



pínsa
3. - 4. júní 2006

Stað: Volda Bygdetun

Program for slektsstemne Andanes-slekta 4. juni 2006

- Start **klokka 14.**
- Velkommen.
- Samling i løda.
- Bjørg presenterer familiane.
- **Klokka 15** rømmegraut og brennsnut i løda og Kornbergstova
- Powerpoint-presentasjon av Arild og Gunnar.
- Siv og Roald spiller.
- Fotografering **klokka 17** ved amfiet.
- Klovner i kamp. Ida, Ingeborg og Fanny på scena.
- Kakegilde **klokka 18** i løda og Kornbergstova.
- Attersyn, Bjørg les frå dagboka til Einar Andenes.
- Ordet fritt.
- Tur til Andaneset.
- Barneriding med Svarta og Edle, på Andaneset
- Grillmat, kje og pølser **klokka 20 til 21.**
- Leiker for barna evt.
- Dans på vollen.

ANDANES SLEKTA

ANDANESET (G.Nr. 30, B.Nr. 18 og 19).

Erik Jonsson Skare heitte fyrste plassemannen på Andaneset, han fekk plassesetel av R.S. Aarflot I og P.E.Scheldrup i 1844.

Erik Skare kom frå Austefjorden og er nemnd i folketeljinga i 1801, 17 år gamal, då han budde på Øvre-Rotset.

Systra Brite tente då hjå Ola Larsson Bueide, og Erik var fostersonen hans. Ola hadde og ei fosterdotter, Siri Rasmusdotter (f.1795), som sidan vart gift med Erik. –

Siri og Erik hadde ikkje born, men fosterdottera, Ane Marta

Eriksdotter Rødset (d.1869) vart gift med Peder Elias Kalvatsvik (1841-1883) (Andanes-Elias) som fekk plassesetel i 1866.

Ane Marta og Elias fekk to born, Enok (1866-83) og Cesilie (1868-1946).

Cesilie (Sella) vart sidan gift med Andreas Åmås (f. 1870) som enno (1970) lever på Rotset.

I andre ekteskap vart Elias gift med Guni Andersdotter Aurstad(d.1908). (Bestemor hennar var Guni Andersdotter Greivsnes).

Guni og Elias hadde tre gutar:

Ingebrigt (1871-1930), Anders (f.1875),Laurits (f.1877).

Gutane kom seg godt fram og vart kjende som dugande spelemenn, ein givnad dei hadde teke i arv frå Kalvatsvika. Denne givnaden kom også att andre stader i bygda, m.a. til Kvennabakken og til Egset der Elias sin farbror (Mass) og bror (Krå-Rasmus) hadde busett seg.

Elias dreiv med krøtershandel attåt garden, og fekk sett opp det huset innanfor Vikeneset som sidan har gått under namnet Hurrakeipa.

Julaftan 1883 kom og han og sonen Enok bort då dei skulle føre ei ku over fjorden frå Lauvstad. Guni måtte då med mykje bal og i små kår syte for oppsedinga av dei tre gutane og dottera.

Elias hadde sett seg i gjeld for huset han hadde bygt, og det vart auksjon også over mykje av det som fanst på garden. Såleis vart ei timbrebud og det meste av reiskapane på garden selde.

Det vart så vel snøydtt at eldste sonen, han Ingebrigt som då berre var 12 år, laut opp i Flåna og hogge eit bjørkeemne så pass at dei kunne få seg ein høvel.

Ingebrigt arbeidde seg fram med hardt slit og gjekk eit par år på seminaret, på Kårstadskulen. Han var fleire år vikar i lærarpostar i bygda og arbeidde seg fram til velstand med dette og med anna attåtarbeid, noko

som var nausynt for den som elles ikkje hadde noko anna å leve av enn den skrinne jorda på Andaneset.

Han kjøpte garden av Scheldrup og Aarflot, og fekk skøyte i 1908, og han fekk sidan bygt nye hus.

Broren Anders busette seg i Trondheim, og Laurits i Langevåg.

I fyrste ekteskap var Ingebrigt gift med Berte Krøvel (d. 1909).

Dei fekk borna Guni (f.1902), Elias (f.1904), Jon (f.1906) og Einar(f.1908).

Berte døydde etter at ho hadde vorte pårend av ein hest i gata i Halkjelsvik.

I andre ekteskap var Ingebrigt gift med Elen Bjørkedal (1871-1950), dotter til Koppe-Rasmus. Dette ekteskapet var barnlaust.

Av dei fire borna til Ingebrigt er Guni hushalderske i Langevåg, Elias folkeskulelærer, Einar er distriksveterinær i Volda og Jon driv garden attåt arbeidet sitt på Åslid Møbelfabrikk.

Andaneset hadde sæter saman med Rotset på 18 hundretalet, sidan har dei hatt kyrne på heimebeite. På det meste har dei kunne føde eit par kyr, sauer og 20 geiter.

Huslydane til dei tre Andanesbrørne er desse:

Elias, gift med Kristiane Heggen. Born: Ingebrigt (f.1940) lærar, Liv (f.1944).

Jon, gift med Ingeborg Aarflot frå Ørsta. Born: Inge (f.1936) butikkbetjent, Volda. Gift med Ingfrid Haugen (f.1938). Born: Arild, Jon Inge, Sissel, Gunnar.

Ragnar(f.1939) lærar Våler i Solør. Gift med Aud Steinmo(f. 1942). Erling (f.1942) bankfunskjonær, Volda. Rolf(f.1943) kontorist, Trondheim.

Einar, gift med Inger Marie Johannesen(f.1915). Born: Bjørg Ellen (f.1942) sjukesyster. Egil (f.1944) stud.økon. Turid(f.1947) sjukesyster. Idar (f.1952).

KALVATSVIKA.

Anders Hanson Kalvatsvik f. 1802.

- Born:**
1. Hans Petter f. 1823, brukar garden.
 2. Johanne Marte f. 1825 d. 1854
 3. Jakob f. 1827 g. 1856 med Størkine Ivarsdotter Berkvik
 4. Synneve Jakobine f. 1830 g. 1867 med Ola Pedersen Store Mork.
 5. Per f. 1834 g. 1862 med Oline Annaniasdotter Krumsvik.
 6. Elias f. 1841 g. 1864 med Anne Marta Eriksdotter Rotset, br. på Andeneset.
 7. Rasmus f. 1842 g. 1863 med Petrine Rasmusdotter Brungot br. Ekset.

Hans Petter Andersson Kalvatsvik f. 1823, brukar av Kalvatsvik.

- Born:**
1. Sesilie f. 1850 g. 1876 med Hans Guttormsen Osvoll, Volda.
 2. Sevrina f. 1855 g. 1879 med Nils Nilsen Kalvatn.
 3. Anne Marta f. 1857 g. 1883 med Peder Jakobsen Helset br. Fjøschaugen.
 4. Anders f. 1862 br. garden.

Anders Hansson Kalvatsvik fekk skøyte av sine medarvingar i 1884 for kr. 1400,- g. 1885 med Marie Jetmundsdotter Bjørdal, f. 1860. d. 1955. Anders var smed og var ute på merkearbeid, dreiv fiske og var styrmann på åttring. Han døde i 1942.

- Born:**
1. Mathias f. 1882 g. med Synneve Bottolvsdotter Osdal. Var busett i Fræna.
 2. Laurentse f. 1890 på br. nr. 3 N. Kalvatn, Myra.
 3. Hans Petter f. 1892, reiste til Amerika.
 4. Johan f. 1894 g. 1923 med Berte Steffensen Osdal. Bur i Ålesund.
 5. Marte f. 1896 g. 1921 med Knut Sandnes, Sundalsås
 6. Anne f. 1899 g. med Elisabet Drønnesund
 7. Hjalmar f. 1901 br. garden
 8. Erling f. 1905, d. 1921.

Hjalmar Andersson Kalvatsvik fekk skøyte på garden i 1931 for kr. 2000.-

g. 1926 med Olga Kristine Larsdotter Håvik. Hjalmar dreiv fiske, var på Ishavet og på Svalbard, og var landpostbod på Kalvatsdalen. Han d. i 1961.

- Born:**
1. Anders f.1928 br. garden.
 2. Lars f. 1929 vart g. med Oline Myklebust, Rotset.
 3. Else Marie f.1933 g.1952 med Sivert K. Kalvatn.
Maskinsjef i Tussa.
 4. Inge f.1934br.14, ytre Lid.
 5. Jostein Atle f.1936, br. 2 Ullaland.

Anders Hjalmarson Kalvatsvik vart g. 1951 med Ruth Jakobsen Daleberg.
Anders er sjåfør i Mørebil.

- Born:**
1. Oddfrid f. 1952.
 2. Jorunn Palma f. 1958.
 3. Hjalmar f. 1962.

AURSTAD.

Bruk 2. Oppigarden.

Mi bestemor Guni var truleg dotter til Ingebrigt Aurstad som var fødd i 1813 og fekk skøyte på garden i 1835. Ho står ikkje oppført i Volda saga under Aurstad, men ho må vere syster til Anders Ingebrigtson Aurstad, som var fødd i 1835 og fekk skøyte på garden i 1865.

Han hadde sonen Knut f. 1868 og dottera Brit f. 1875 g. med Rasmus Pedersen Hoggen.

Knut Andersson Aurstad fekk skøyte på bruket i 1893 g. med Olina Marte Eliasdotter Hovdenakk, som d. 80 år gl. I 1944.

Olina hadde ei dotter, Ellen Rasmusdotter Strand, Nakkebø. Knut d. i ---

- Born:**
1. Anders f. 1893
 2. Elisa f. 1901, bur på garden.
 3. Ingebrigt f.1907, g. med Anna Leikanger, bur i Stigen, Lauvstad.

Lars Jakobsen Årsetøy g. 1922 med Elisa Knutsdotter Aurstad, kjøpte bruket av svigerforeldra i 1928. Larss d. –

Born:

1. **Johanne f. 1922 g med Ludvik Vattøy**
2. **Knut f. 1925, br. garden.**
3. **Margit f. 1927.**

Knut Larsson Årsetøy g. med Ragnhild Olavsdotter Årskog, Lote, brukar garden.

Born:

1. **Randi f. 1963.**
- 2 og 3 **Lars og Oddvar, tvillinger, f. 1965.**

KRØVELEN.

Diverre har eg nokså lite kjennskap til slekta på Krøvelen, men bestefar heitte Jon og var brukar av garden.

Born:

1. **Johannes Jonson Krøvel brukar av garden.**
2. **Johan Olai Jonson Krøvel, dreiv handel på Rotset, og seinare på Fyrde. d. 1932.**
3. **Anna g. med Sivert Grønbakk**
4. **Berte f. ca. 1870 g. med Ingebrigt Andenes**
5. **Martha, ugift**
6. **Ane, ugift**

Johannes Jonsson Krøvel brukar av garden.

Born:

1. **Jon brukar garden**
2. **Rasmus, fekk ein part av garden, død.**
3. **Harald, fekk ein part av garden, død.**

Jon Johannesson Krøvel.

Born:

1. **Rasmus Johannesson Krøvel.**

Born:

1. **Johannes, brukar garden.**

2. Edvin , bur i Volda.

Harald Johannesson Krøvel.

Born: Har fleire born.

GRØNBAKKEN.

Anna Jonsdotter Krøvel g. med Sivert Heltne.

- Born:**
1. John f.1895 maskinist, br. garden.
 2. Ingeborg f.1897 g. 1. gong med Andreas Eikrem, g. 2. gong med Johan R. Strand
 3. Ivar f. 1902 død
 4. Jenny f. 1904 g. med Adolf Abeltun
 5. Karl f. 1908 g. med Anne Melle, Ørsta
 6. Berta f. 1909, g. med Abraham Nymark
 7. Solveig f. 1912

John Sivertson Heltne fekk skøyte på bruket og br. 19 i 1937 for kr. 3.500.-.
Han var mange år maskinist om bord i MRF sine båtar g. med Ragna Hansdtr. Bjørneset f. 1903.

- Born:**
1. Alfild f. 1926 g. med lærar Olav Kriken.
 2. Sigurd f. 1928 g. 1963 med Odddrun Raudøy, Ørsta.
 3. Harald f. 1930, g. med Ingeborg Sollid, Porsgrunn.
 4. Magne, f. 1932, driv handel på Heltne.

Berta og Abraham Nymark har borna :

1. Sissel f. f. 1939
2. Ann Sylvi f. 1945
3. Brit Ada f. 1948
4. Hans Sivert f. 1951

HJELLE – bruk 2.

Johan Olai Jonsson Krøvel frå Ørsta g. med **Karoline Karlsdotter Hjelle**, fekk skøyte på ½ bruket i 1910 for kr. 1400.-. Olai Krøvel dreiv handel på Rotset og på Fyrde, d. i 1932.

Born:

1. **Ingeborg (Björg)** f. 1898 d. 1942
2. **Eline Kristine** f. 1899 budde på garden.
3. **Jenny** f. 1902 g. med **Didrik Kalvatn**.

Knut Bernhard Olsen f. 1894 på Bakken i Vanylven g med **Eline Olaisdotter**, fekk skøyte på bruket i 1929 for kr. 2000.-. Knut var handelsreisande, død 1955.

Born:

1. **Odd** f. 1922 br. garden.
2. **Astrid** f. 1927, g. med **Bjørn Berg**, maskinsjef, Oslo.

Odd Johan Olsen, g. 1950 med **Ester Otterlei**, Haram, f. 1930.

Born:

1. **Eivind** f. 1950.
2. **Marit Jorunn** f. 1951, g. med **Bjørn Reite**, Volda.
3. **Terje**, f. 1953.
4. **Jostein**, f. 1954.
5. **Oddrun** f. 1957.
6. **Oddvar** f. 1960.

KOPPEPLASSEN

Rasmus Samundsen S. Bjørkedal – Koppe-Rasmus, gifte seg med **Marie Olsdotter Rødset** (dotter til Hage Ola). Ho vart seinare kalla **Koppe-Marja**. Dei fekk plassesetel i 1867.

Born:

1. **Sivert**, som hadde garden **Bakkelid** i Vikebygda. Gift med **Larsine Rotevatn**.
2. **Ole** som flytta til **Langevåg** og tok namnet **Kiperberg**.
3. **Elen**, vart kone nr. 2 til **Ingebrigt Andenes**
4. **Rasmine** g. med **Rasmus Bjørkedal**.

BAKKELID

**Sivert og Larsine Bakkelid hadde sonen Rasmus S. Bakkelid.
Rasmus g. med Marte Nilsdtr. Driveklepp f. 1897.**

- Born:**
- 1. Sivert f. 1920.**
 - 2. Åsta f. 1922 g. med Magne Olson Rotevatn.**
 - 3. Sverre f. 1924.**
 - 4. Bergljot f. 1932 g. med Hans Remøy.**

**Kjelde: Voldasoga, band 2
Einar Andenes**

**"Lat oss ikkje forfedrene gløyma i alt det me venda og snu,
for dei gav oss ein arv til å gøyma, han er større enn mange vil
tru."**

(Ivar Aasen)